

Status for Hardanger bowling etter eitt års drift

Då var året passert med klubbdrift av hallen. Ein kjempejobb av klubbens medlemmer (i underkant av 1600 dugnadstimar) gjer at me kan notere positive tal i driftsrekneskapen. Når me overtok hallen i mai i fjor, budsjetterte me med 300 000 kr i inntekt. Dei førebelse tala tyder på at inntekta har vore nokre få tusenlappar over 300 000 så me må vel sei at me traff godt i spådomen.

Det å ta på seg ansvaret med å drifte Hardanger bowling var eit rimeleg stort løft for ein klubb med ca 40 medlemmer og der halvparten av desse er pensjonistar. Men alternativet var endå dårlegare; at hallen og bowlingaktiviteten vart nedlagt. Difor starta me opp ein innsamlingsaksjon for å skrape saman nok kroner til å kjøpe hallstyret av tidlegare eigar. Kvemmingane støtta flott opp om innsamlinga både einskildvis, som firma og via lag og organisasjonar. I tillegg bidrog Kvam herad med ein betydeleg sum.

Etter at kjøpet gjekk i orden sette styret seg til forhandlingsbordet med huseigar og fekk på plass ein ok avtale om husleige. Så var det å organisere drifta av hallen basert på dugnadsinnsats frå dei av våre medlemmer som ynskte/kunne ta del i det arbeidet. Driftsdugnaden vart fordelt på i overkant av ti personar medan reingjering vart fordelt på pensjonistane. I tabellen under vil du sjå dugnadsaktiviteten fordelt på drift, vedlikehald og reingjering. Drift og vedlikehald er utført av dei mest aktive medlemmene medan reingjering er fodelt på pensjonistgruppa.

	Drift	Vedlikehald	Reinhald
Timar	1250	250	64
Dugnad pr medlem	$1250/12 = 104$ timar	$250/12 = 21$ timar	$64 / 16 = 4$ timar

Tabellen tek utgangspunkt i at alle medlemmene i kvar gruppe har hatt like mange dugnadstimar, men slik er det jo ikkje i organisasjonsverda - enkelte brukar for mykje tid medan andre igjen har litt å gå på. Men styret er særns nøgd med deltakinga i dugnaden og det arbeidet som er utført.

Sjølv om det første året viser positive tal i rekneskapen har me ingen garanti for at dette held seg slik i neste bolc. Me håpar difor at Kvam herad yter ein betydeleg skjerv til drift av anlegget komande år.

Norheimsund 17.06.2011

Helsing
Kvam bowlingklubb

v/skrivar Frank Tangen

Nettadresse: www.kvam.no/bowling/
Epost: kvam.bowlingklubb@lag.kvam.no